

# Sluttrapport: Pop-up festivalbibliotek under Tysnesfest

Det vart søkt om tilskot til gjennomføring av pop-up-biblioteket under Tysnesfest i 2021, men då festivalen vart avlyst pga. koronarestriksjonar fekk me overført midlane til 2022.

Tiltaket vart gjennomført seinsommaren 2022. Grunna svært dårleg ver under festivalen endra me tiltaket frå festivalbibliotek til utandørs sommarbibliotek.

Målsetjinga var framleis å auke utlånet, nå ut til nye brukargrupper, synleggjere bibliotektenestene og formidle barne og ungdomslitteratur.

## Praktisk gjennomføring

I løpet av fem fine sommandagar gjennomførte vi pop-up-bibliotek rundt om på ulike lokasjonar i kommunen.

Me fekk ein lokal tiltaksbedrift til å snekre nokre utstillingsmøblar og gjekk også til innkjøp av nokre utandørs sitjesekkar av typen fatboy.

Planen var også å ha eit partytelt i tilfelle nedbør, men ikkje alle plassane tillot oss å setje opp desse. Dessutan vart det meir rigging enn me hadde personalressursar til.

Av anna utstyr hadde me også ein Sommarles-roll-up.

Me tok med oss ei samling på om lag 100 i bøker i eit utlånsdepot.

## Om måloppnåing

Me lånte ut 24 bøker fordelt på fem dagar. Altså ikkje påverka det i seg sjølv ikkje utlånstala våre på nokon merkbar måte. Det hadde me såleis ikkje rekna med. Slik vi tolkar det har tiltaket vore eit stunt som skapte nysgjerrigheit og interesse hos publikum. Pop-up-bibliotek var ei fin måte å marknadsføre Sommarles på og me delte ut mange premiar.

Dersom me skulle gjort noko tilsvarande på nytt hadde me truleg gjort det på ein mykje enklare måte. Me drøymmer om å gå til innkjøp av ein lastesykkel slik at me kan køyre rundt med eit minibibliotek i båthamnane om sommaren. Me får sjå om økonomien tillet det.

## Økonomi/timebruk

Det var sett av kr. 20 000 til ekstrahjelp til frikjøp av arbeidstid til sjølve gjennomføringa. Utover det har me nytta om lag 25 timar til administrasjon og organisering. Tidsbruken vart noko høgare enn me hadde sett for oss på grunn av avlysingar/dårleg ver etc.

